

Grensa for bortfall av forskot er eitt og same beløp for alle og svarer til 320 gonger auka forskotsbeløp for eitt barn, sjå forskotteringsloven § 4 tredje ledd og forskrifta § 3 fjerde ledd.¹

Tabell 10.1 Månadlege satsar for bidragsforskot. Kroner

Sats	Barnet er under 11 år	Barnet er over 11 år
Auka	1 760	2 200
Ordinært	1 320	1 320
Redusert	880	880

Kjelde: Arbeid- og velferdsdirektoratet (tal per 1. juli 2022)

Satsane for bidragsforskot vert indeksregulerte kvart år per 1. juli.

Tabell 10.2 Inntektsgrenser for ulike satsar av bidragsforskot. Kroner

Tal barn	Maks. inntekt for rett til auka sats	Maks. inntekt for rett til ordinær sats		Maks. inntekt for rett til redusert sats
		Bur aleine med barnet	Gifte/samband	
1	312 701	488 301	312 701	563 200
2	312 701	557 201	444 601	563 200
3	312 701	557 201	513 501	563 200
4+	312 701	557 201	513 501	563 200

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet (tal per 1. juli 2022)

10.3 Barne- og familiedepartementet si vurdering og framlegg

Eit av føremåla med auken i utvida barnetrygd i 2023 var å styrkje økonomien til einslege forsørgjarar. Når ei inntekt aukar, vil det likevel kunne påverke retten til ulike behovsprøvde ordningar. Slik har det vore i dette tilfellet på grunn av det behovsprøvde forskotet. Nokre einslege forsørgjarar mista bidragsforskotet, andre fekk det redusert, og ei gruppe einslege forsørgjarar har dermed samla sett kome dårlegare ut som følgje av auken i den utvida barnetrygda i 2023. Departementet foreslår å leggje til rette for at einslege forsørgjarar med bidragsforskot ikkje skal kome dårlegare ut som følgje av den auka utvida barnetrygda. Dette krev endringar i forskoteringsordninga.

Departementet har vurdert to ulike løysingar, der den eine er å halde utvida barnetrygd utanfor inntektsprøvinga av bidragsforskot, medan den andre er å heve inntektsgrensene i forskoteringsordninga.

¹ Merk at det i bidragsregelverket som heilskap er forskotet som i all hovudsak vert nytta som utrekningsfaktor/grense, og ikkje grunnbeløpet i folketrygda (G).

